Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 85

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Tradisjoner, tro og segner omkring jeger og jaktdyr

Oppskr. av: Sjurdtorm Mikkelson

(adresse): Helle: Høgsfjord

Fylke: Rogaland

Herad: Forsand

Bygdelag. Høgsfjord

Gard: Øvre Espedal

G.nr. 48 Br.nr. 11.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Nor dei ikkje hadde bruk for skulle vera i fred. Heller ikkje skulle dei skjota på dyr som sov eller kvilde. Det var den gamle måten til hava det på.
2. Straff som dei gjorde mot det finst det ikkje forteljingar om no.
3. Sundagsjakt varf aldri noko jakt. Då skulle dei halda seg heime. Det fylgde gjerne ulukke med.
4. Reglane for skadeskotne dyr det var å få dei avliva snart som råd om ein då fann dei att. Ein måtte gjerne passa seg for slike.
5. Nei, det veit eg ikkje kva han måtte ta seg i vare for heime og på vegen til jaktmarki.
6. Kjenner ikkje anner varsel at den som nokon såg når han gjekk, ville det ingen ting vera å koma heimatt med.
7. At skyttaren hadde rett til serlege deler på dyret veit eg ikkje å ha høyrt.
9. Forbod om å eta visse deler har

16324

det ikkje vore nemnt om her, det eg
har höyrt.
9. Det er ikkje kjent at jegeren skar
av den hårlause nasedelen på bjørnen.
10. Det kunster seg ikkje noko truer
til etterkövra åt binna om at
dette skulle nyttast til trolldom.
11. Veit ingen ting om avskårne
björnelabbar.
12. Ein veit aldri å ha höyrt
kva folk bruka ulvetenner til.
13. Ja, at han var eit godsleg dyr,
ei kvinne hogg skave inni marki,
og så kom björnen og ho leda seg
til sides, og björnen hoppa over
hoggestabben og gjorde ingen
ting. Som hjelpsamt dyr er her
ingen forteljingar.
14. Mot rovdyr, og då björn vergde
ein seg serleg med eld. Mykje
larm og brak var og godt.
15. Å verja seg mot rovdyr ved å ta
noko inn er ikkje kjent her.
16. Den trua at den som såg
eit rovdyr, för dyret fekk auge
på vedkomande skulle ha over-
taket, er ikkje fortalt her.
17. At ein skulle gjeva krettura noko
av rovdyret å eta så det skulle
verja seg veit eg aldri av at nokon
har visst å fortelja om.
18. Det med orm - medisin ferda til
av den er heller ikkje kjent.
19. Stengsler av tau til ulv er ukjent.
20. Juletiden her dei gjort noko her og
som skulle verja krettura i komande
år, men no her ingen nöyje greie på
det.

16324

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING



21. Febönar er ukjende
22. Ikkje noko råder er kjende frå svartebøker.
23. Ja, eg hev høyrt einkvan hev fortalt om dette med stemming, men meir detaljert hev eg det ikkje.
24. Ja, det hev vore nemnt litt om dette med folk som "fjetra kjödn".
25. Det å skjemma börsa til skyttaren hev eg visst aldri høyrt noko om.
26. Eg hev ingen ting høyrt om ein kunne gjera det sjölv heller. –
27. Det å få börsa god att kjenner eg ikkje til.
28. Korleis ein laga sikre kuler, og om dei var av sylv veit eg ikkje noko å fortelja om.
29. Det er ikkje så visst lengj kor den siste björnen vart teken i Forsand. Heller ikkje ulv og andre store roodyr. Nokon serlyje forteljinga går det ikkje om desse hendingane.
30. Noko serleg roodyrplage i merkande grad under den andre verdskrigen vart her vel ikkje. Reven vart verande største roovillet, og korkje jerv eller gaupe kom att for ikkje å snakka om björnen. Den ser me nok aldri att. Noko nytt innsig i dag? Jau, reven hev aldri vore så talrik på mange, mange år som han hev vore dei siste femåri – 1955–60. Mindre roovilt merkar ein korkje minking eller auke i.

Espedal, 20. mai 1961.

16324